



Bjørn Egil Haugland har hatt store utfordringar som vindruedyrkar, men har ikkje resignert

Uskedalen har ein dyrkar av vindruer - Bjørn Egil Haugland som bur på Hundaberget på Korsnes.

Han har som årleg målsettjing å fylla ein tiltersballong og det klarar han nok også dette året.

Men utfordringane har vore fleire: Sommaren har vore dårleg for ein vindruedyrkar, med lite sol og varme. I tillegg har Bjørn Egil opplevd eit heller massivt angrep av trast med innslag av skjora. Han måtte kjøpe inn fleire nett og også leggja gamle fiskenett over plantene. Frostfaren er tydelegvis også ein aktuell realitet denne hausten. Difor vil nok vindruenhaustinga gå føre seg ein av dei nærmaste dagane på Korsnes.

Bjørn Egil kjøpte dei første plantene i 1999 og supplerte med nye innkjøp i 2000 og 2001

Don Muscat, Michurinez og Rondo var dei 3 første sortene han satsa på og sidan har han supplert med ei plante av soten Mika. Då uskedalen.no var innom Bjørn Egil for 4 år sidan hadde han 10 plantar. No har han rundt rekna 20 til og dei fleste er eigenproduserte stiklingar.

Men dyrkinga har variert og slett ikkje vore nokon samanhengande suksess. Eitt av åra sidan den gongen vart det ingen druehaust på grunn av for lite varme og regn. Og berre i 2007 fullførte Bjørn Egil vinproduksjonen med brukbart resultat utan at han har mista motet dei andre åra.

Sidan 2006 har "vinbonden" på Korsnes lært mykje om vindruedyrking, både under eit to vekers opphald i Toscana og av slovenaren Elvis Foric, som bur på Husnes.

-Han og ein slektning har ikkje minst kome med gode råd om klipping. Vindruedyrking krev mykje arbeid. Gjer ein ikkje jobben, blir det ikkje druer, seier Bjørn Egil.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Her har ikkje trasten sluppe til!